

Eg skal berre... Eller?

Ver oppmerksam ved jernbanesporet.
Ikkje utset deg sjølv og andre for fare.



Det er trygt å reise med toget. Men jernbanen kan også vere farleg. Dette gjeld til dømes viss du kryssar eller ferdast langs sporet ulovleg, er uoppmerksam når du bruker planovergangen, eller klatrar på tog og i høgspenmaster. Kvart år skjer det at folk omkjem eller skadar seg i ulukker på jernbanen.

Planovergangar

- Fleirtalet av ulukkene ved jernbanen skjer på planovergangar. Ulukker skjer oftast fordi nokon er uforsiktige og ikkje følgjer reglane.
- Dersom planovergangen har lys, lyd eller bomanlegg, skal du ikkje passere når det lyser raudt, ringjer eller bommane går ned.
- Ved planovergangar som ikkje er sikra, må du vere forsiktig, stoppe, sjå og lytte etter tog. Bruk av høyretelefonar gjer deg mindre oppmerksom, og kan føre til farlege situasjonar.



Elektriske anlegg

- Elektriske tog kører på høgspenning (15 000 volt). Personar som får straum gjennom kroppen, kan døy eller bli skada for livet.
- Det er straum i anlegget døgnet rundt. Viss du kjem borti høgspenningsanlegget, risikerer du å få straum gjennom kroppen. Sjå etter det gule skiltet som åtvarar mot høgspenning.
- Ikkje forsøk å klatre opp på tog eller i høgspentmastene langs jernbanen, slik at du kjem nær køyreleidninga. Diverre har fleire mista livet eller skada seg fordi dei klatra nær høgspentinstallasjonar på jernbanen.



Ferdsel i spor er forbode og farleg

- Det er forbode å opphalde seg i og like ved sporet. Kvart år blir folk påkøyrd av tog. Toget kjem raskt og stille.
- Toget treng fleire hundre meter på å bremse, og kan difor treffe deg dersom du står i eller ved sporet. Ikkje stol på at du klarer å sjå og høyre når toget kjem. Det kan kome tog også frå den andre kanten, eller på det andre sporet. Viss du då står med ryggen til, rekk du kanskje ikkje å kome deg unna.
- Ikkje klipp hol i gjerdet for å lage ein «snarveg» over jernbanespora. Hugs at barn og dyr kan kome seg gjennom slike hol.
- Eigarane av private grunder har ansvar for at desse er stengde når ingen skal krysse sporet.

Å gå i eller ved jernbanesporet er ulovleg og kan få tragiske fylgjer.

Våg å seie frå dersom nokon er uforsiktige ved sporet. Toget kjem fort og treng lang tid på å stanse.



Foto: Bane NOR / Jan Frøystrøm

Ikkje ta sjansar!

Det er forbode å:

- stige på og av tog som er i rørsle
- opphalde seg på jernbaneområde som ikkje er mynta på publikum
- nytte planovergangen når det er venta tog

Kvifor er det farleg?

- Toget køyrer fort = lang bremselengde
- Toget er tungt = lang bremselengde
- Eit persontog veg ca. 150 tonn = 100 bilar
- Eit godstog veg nesten like mykje som 1000 bilar
- Toget kan ikkje svinge unna
- Eit godstog som køyrer i 120 km/t, treng 1 km på å stoppe
- Moderne tog lagar lite støy = du høyrer toget for seint
- Nærkontakt med 15 000 volt er livsfarleg

Bane NOR

Sentralbord: 05280

Frå utlandet: (+47) 22 45 50 00

banenor.no